
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 11.11.2020
Tidsramme: kl 10:00-15:35
Sted: Storhornet, adm.-bygget, Ålesund sjukehus
Saksnr.: 93/20 - 103/20
Arkivsak: 2020/13670

Møtleiar:

Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:

Lodve Solholm
Toril Forbord (Skype)
Gerd Marit Langøy
Bjarne Storset
Anette Lekve
Hilde Furnes Johannessen
Sigurd Torvik Heian

Frå brukarutvalet møte:

Paula Næss Skår
Anne Grete Mogstad

Forfall:

Ingen

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Øyvind Bakke
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møtet med å ønske velkommen til styremøtet der ein som følgje av strengare smitteverntiltak i dag sitt to meter frå kvarandre.

Styret skal handtere ein sak om finansieringsmodell i Helse Midt-Norge og der har to av styret sine medlem meldt ønske om vurdering av habilitet. Toril Forbord og Sigurd Torvik Heian. Dette blir teken opp under saka og det er styret som avgjerd spørsmålet om habilitet.

Sak 93/20 Godkjenning av innkalling og saksliste**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og saksliste.

Sak 94/20 Orientering frå administrerende direktør

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Korona-status
- OU SNR
- Fødetilbodet Nordmøre og Romsdal
- Straumforsyning i Ålesund
- Ny viseadministrerende direktør
- Prosjekt PET-CT

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringane til vitende.

Sak 95/20 Orienteringssak - SNR

Styret fekk ein presentasjon av Johan Arnt Vatnan, leiar av prosjektstyret.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

Sak 96/20 Forbettringshistorie frå klinikk for psykisk helse og rus**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 97/20 Referatsaker (utan saksframlegg)

- Protokoll HMN RHF
- Protokoll frå AMU-møte 09.11.2020
- Protokoll frå brukarutvalsmøte 09.11.2020
- Brev om rehabiliteringstilbodet

Kommentar frå Anette Lekve om status på rehabiliteringssaka på bakgrunn av at saka er nemnd i AMU. AMU varslar om usikkerheit for dei tilsette ved Aure og utfordrar drifta. Anette ber om ein kommentar frå administrerende direktør om status på arbeidet med rehabiliteringssaka.

Sak 98/20 Statusrapport – september 2020 – kvalitet, økonomi, aktivitet, Gylne Regel

Styret fekk ei orientering om statusrapporten frå september og munnleg nye tal frå oktober. Ventelistar og fristbrot blei presentert av medisinsk fagsjef Mariann H. Gammelsæther, status knytt til Gylne Regel av kliniksjev kvinner, barn og unge Janita Skogeng. Etter ønske frå førre styremøte fekk styret i dag ei orientering om utskrivingsklare pasientar ved samhandlingssjef Lena B. Waage, bruk av tvang i helseføretaket ved medisinskfagleg rådgivar i klinikk for psykisk helse og rus Brit Ingunn Hana og ei orientering om heiltid/deltid-arbeidet i helseføretaket ved HR-direktør Ketil Hjelset. Den generelle orienteringa på statusrapporten og ferske tal frå oktober blei gitt av økonomidirektør Heidi Nilsen.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om statusrapport for september 2020 til vitende.

Sak 99/20 Budsjett 2021 - førebels**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om status budsjett 2021 til vitende.

Sak 100/20 Ny finansieringsmodell i Helse Midt-Norge – høyringsuttale frå Helse Møre og Romsdal

To styremedlem har bedt styret om å vurdere sin habilitet i denne saka. Dette er Sigurd Torvik Heian og Toril Forbord. Styreleiar innleier habilitetsspørsmåla med å vise til forvaltningslova § 6 første til fjerde ledd og lesar denne opp for styret. Helse Møre og Romsdal sin jurist har på førehand gjeve si vurdering av forholda og kan ikkje finne grunnlag for å stille spørsmål rundt desse medlemmane sin habilitet i denne saka.

Styret er samrøystes einige i at Toril Forbord er habil.

Styret er samrøystes einige i at Sigurd Torvik Heian er habil.

Styret fekk ein presentasjon om ny finansieringsmodell i Helse Midt-Norge av økonomidirektør Heidi Nilsen.

Forslag frå Lodve Solholm: «jamfør utredningen i saksframlegget» på slutten av andre setning i punkt 2 i innstillinga. Styret er einig i denne tilføyninga.

Forslag frå Anette Lekve og Hilde Furnes Johannessen om å ta bort punkt 4 i innstillinga.

Det voteres i styret om å fjerne punkt 4, og forslaget faller med to stemmer for og seks stemmer mot.

Forslag frå Gerd Marit Langøy om eit tillegg i innstillinga sitt punkt 4:

«Et eventuelt regionsykehustilskudd må gis som særfinansiering, før fordeling i henhold til inntekstfordelingsmodellen.»

Det voteres i styret og forslaget er samrøystes vedtatt.

Vedtak:

1. Styret for HMR slutter seg til arbeidsgruppens innstilling om å innføre Magnussen 2 modellen med 75% estimerte kostnader og 25% faktiske kostnader.

2. Styret for HMR støtter endring i gjestepasientoppgjør under forutsetning av at prinsippene med 75/25 estimert og faktisk legges til grunn for den regionale inntektsfordelingsmodellen. Styret for HMR er tilfreds med at det blir etablert et forpliktende samarbeid for at lokalsjuekehuspasienter skal få behandling i sitt eget helseforetak, jamfør utredelsen i saksframlegget. Styret forventer at dette får gjensidig oppmerksomhet i hele HMN.
3. Styret for HMR støtter innføring av ny modell fra 2022. Innføringsperioden må være på maksimalt 3 år.
4. Styret for HMR støtter et regionsykehustilskudd til St. Olavs Hospital hvis det viser seg at St. Olavs Hospital har uforskyldte kostnader som ikke er fanget opp i modellen og som ikke skyldes effektivitetsforskjeller. Et eventuelt regionsykehustilskudd må gis som særfinansiering, før fordeling i henhold til inntektsfordelingsmodellen. Tilskuddet må være gjenstand for en årlig vurdering i forbindelse med inntektsfordelingen.

Sak 101/20**Avhending av eidegom – Legene 5 og 7 (Volda kommune)****Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saka og godkjenner at gnr. 19 bnr. 290 og 956 med adresse Legene 5 og 7 i Volda kommune blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal gir adm. direktør fullmakt til å gjennomføre avhending av eidegomane, samt utstede skøyte og signere andre dokument i samband med avhendinga.
3. Den samla verdien av eidegomane er truleg over 10 MNOK og saka blir derfor sendt Helse Midt-Norge RHF for godkjenning.
4. Styret for Helse Møre og Romsdal legg til grunn at avhendinga blir gjennomført korrekt i høve til føringar og retningsliner som er gitt av Helse Midt-Norge RHF og føretaksmøtet samt lover og forskrifter.

Sak 102/20**Gjennomgang av utkast sakliste neste styremøte****Ingen vedtak**

Sak 103/20 Godkjenning av protokoll 10/2020 – styremøte 11.11.2020**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 11.11.2020.

Ingve Theodorsen
styreleiar

Lodve Solholm
nestleiar

Toril Forbord (skype)

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen